



Tilbakeblikk - s. 3



NM-sølv - s. 7



Stavanger Open - s. 9



BOKN BYGDABBLAD


Nr. 9 november 2015 – Årg. 30



30
år

www.bygdbladet.no

KJEKT PÅ **BOKN**



Kjære boknerar

Det ingen tør tenke

Fredag 13. november skjedde det som ingen tør tenke skal skje. I Paris skyter bevæpnede terrorister vilt på uskyldige mennesker som aner fred og ingen fare. Med 22. juli friskt i minne vet vi hvilken maktesløshet det franske folk og andre involverte nasjoner føler. En tomhet over at uskyldige er revet meningsløst bort. Frustrasjonen over at det virkelig har skjedd og ikke kan gjøres om.

Det føles som om terrorhandlinger blir mer og mer på kanten av det fantasien kan tenke seg kan skje. Men som noen en gang sa: "har noen først tenkt tanken, er det ikke lengre utenkelig". Dette er dessverre sant, men frykteleligheten at mennesker får seg til å utføre handlinger som det vi har sett fra Paris. Hver og en av oss føler på maktesløsheten, føler med det franske folk, og deler deres sorg.

Alt det daglige vi jobber med her hjemme blir nærmest problemfritt med Paris som bakteppe. Men det er slik at verden går videre uansett, og dagene går sin gang.

Kommunereform

Kommunereformen med regjeringens ønske om færre kommuner er over oss med full styrke. Alle kommuner er pålagt å utrede alternativer for fremtiden, enten dette er sammenslåing eller videre eksistens som egen kommune. De kommuner som ikke utreder ordentlig selv vil bli utredet av andre. Dette er det klare budskap fra de styrende myndigheter som vi må forholde oss til.

Bokn kommune må ut fra dette utrede alternativet som egen kommune, og i tillegg utrede alternativ om sammenslåing med minst en kommune. Kommunestyret har fra tidligere vedtatt at utredningsalternativene for Bokn skal være Tysvær og evt. Karmøy.

Alternativene skal være ferdige og vedtak gjort av kommunestyret våren 2016. Siste frist for innlevering til Fylkesmannen er satt til 1. juli.

Fylkesmannen vil deretter gå gjenom utredningene og vedtakene til kommunene. Fylkesmannen gir sin anbefaling for fylkets kommunestruktur videre til kommunaldepartementet. Det er til slutt opp til stortinget å bestemme hvordan et eventuelt nytt kommune-Norge skal se ut.

Det er viktig at Bokn gjør sine utredninger selv og ikke pådrar seg at andre må gjøre dette for oss, med de konklusjoner det da måtte bli. Det er Bokn selv som vet hvordan samfunnet her fungerer, og hvordan vi vil ha det.

Regjeringen er tydelige på hva de ønsker ut av kommunereformen, selv om dette har moderert seg kraftig siden reformen startet. I et møte hvor lederen i kommunalkomiteen holdt foredrag ble det sagt "det vil fortsatt være lov å være liten kommune i Norge, men da har de valgt det selv". Sett i lyset av dette vil det bli spennende år fremover.

Vannverk

Utbygging og finansiering for utvidelse av vannkapasiteten ved vannverket i Bokn har i mange år vært en sak det har vært vanskelig å finne løsningen på. Det var derfor stor glede da det ble oppnådd enighet mellom Bokn kommune og Rogfast-prosjektet om en avtale for utbygging av nytt vannverk. Det må sies at avtalen i skrivende stund ikke er undertegnet, men vi håper å gjøre dette i god tid før budsjettbehand-

lingen i kommunestyret 15. des.

Avtalen går i korthet ut på at Bokn kommune bygger nytt vannverk til 15 mill. og leverer vann til Rogfast-prosjektet i anleggsperioden og senere til drift av tunellene. Salget av vann til Rogfast dekker utgiftene til byggingen av anlegget, samtidig som utbyggingen også gir så stor kapasitetsøkning på nettet i Bokn at vi har vann nok i lang fremtid. Det er vanskelig å si at avgiftene kan gå ned som følge av avtalen, men det er i hvert fall helt sikkert at de ikke går opp med det første. Dette er gledelig, ettersom avgiftsøkning var eneste alternativ for utbygging uten denne avtalen.

Tenning av julegran

Ordfører og varaordfører har tatt på seg tenning av årets julegran. Det er en flott tradisjon å starte før julstiden med felles tenning av julegran. Det blir velkommen og tenning av julegran v/ordføreren, julesang rundt juletre med forsanger og tilhørende trekspill, grilling av pølser og god stemning med julemusikk som bakgrunn. Vi håper flest mulig tar seg turen til Boknatun kl. 1700 søndag 29. november.

Ønsker alle en fredfull før julstid.

Hilsen ordføreren



Velkommen til julegranstenning 29. nov. kl. 17.00.

Foto: Kyrre Lindanger

Kyrre ser tilbake

Jardar Havikbotn

Kyrre Lindanger gjekk av som ordførar 27. oktober. Då hadde han vore ordførar i Bokn kommune i åtte år.

- Det har vore veldig kjekt, samtidig som det har vore utfordrande og krevande på mange vis. Totalt sett synest eg det har vore spennande og kjekt, seier han.



På ordførarkontoret.

Ein «flying start» blei det då han begynte hausten 2007. Han kom midt opp i regjeringsforslaget om å kutta ut småkommunetilskotet. Saman med Utsira og Kvitsøy reiste han inn til Departementet for å snakka me dåverande kommunalminister, Magnhild Meltveit Kleppa for å få snudd dette, noko dei lukkast med.

Grei økonomi

Den tidlegare ordføraren er nøgd med at økonomien har vore grei desse åra.

- Dei første fire åra var ganske rolige og greie der me fekk betalt ned på gjeld og sett av pengar på fond. Me fekk bygd opp økonomien litt, posisjonert oss litt til å ta dei store løfta som nå kjem, seier Kyrre. Han trur ein vil merka det, og at det blir ein ny periode der ein må betena gjelda og prøva og bygga opp fond m.m.

- Samtidig er me i ei tid der det nesten er gratis å låna pengar. Så det er

svært gunstig å gjera større investeringar nå, skyt han inn.

Konsensus

I 2007–2011 var ting prega av konsensus (allmenn semje), og alle partia blei høyrde. Kyrre har erfart at det kan vera behagelig å vera ordførar når alle er enige og når det er harmoni, men det kan vera vanskeleg å få retning på tinga når ein skal ha alle med, for det vil alltid vera forskjellige meningar - og når ein skal prøva å finna fram til minste felles multiplum så e det ikkje alltid optimale løysingar ein kjem fram til. Derfor var det ikkje dei store løfta i den perioden.

- Men me gjorde ferdig ein del mindre prosjekt som t.d. å oppgradera indre hamn i Føresvik med fyrlukt og badeplass. Me fekk på plass ballbinge i Føresvik, sansehage ved Boknatun, opprusta dei kommunale leikeplassane, bygde trelavvo i lerkeskogen, communal minibuss, tilsett folkehelsekoordinator, utsiktspunkt på Boknafjellet, ny brannstasjon og nytt bårehus. Så det var ein del ting me fekk til, men dei store løfta kom i den andre perioden min, fortel han.

Spenningar

Dei fire siste åra blei litt meir turbulente politisk, då Bokn Ap sökte mot Bokn H. Kyrre fortel at det var naturleg å söka mot dei som kunne sørge for at at Bokn Ap fekk gjennomført mest muleg av sin politikk. Bokn Ap fekk gjort vedtak i saker som dei så som viktige, m.a. utbygging av 3. avdeling i Bokn barnehage, utbygging av molo i Hålandssjøen og nå sist fleirbruksallen.

- Det blei ein del spenningar i den andre perioden, men det har me andre plassar også. Ein kan vera ein

samlande ordførar sjølv om ein er ueinig i sak. Det er viktig, det er ein del av politikkens natur og vesen, seier han.

Kva hugsar han best av dei tinga han har vore med på?

- Det var veldig interessant å få laga den nye kommuneplanen for Bokn. Eg synest det blei ein god og framtidssretta plan.

Svært kjekt og viktig var det også å få bygd ut fiberbasert breiband til heile Bokn. Han ramsar også opp 3. avd. ved Bokn barnehage, utbygging av Fyren bustadfelt, utvida opningstider på biblioteket, oppstart av kultursoga for Bokn, molo og småbåthavn i Hålandssjøen inkl. ein god avtale med Bokn båtforening som sikrar båtplassar til allmennheita, styrka fritidstilbod knytta til Kyrkjebygda aktivitetshus, med oppussing av 1. etasje, og sjølvsagt vedtaket og oppstarten av fleirbruksallen.

- Det er også ekstra hyggeleg at me kvart år i heile min ordførarperiode har gått med overskot i budsjetta, og me har fram til nå vore den kommunen i Rogaland som har hatt lågast gjeld pr. innbyggjar + at me har hatt mange gode plasseringar på Kommunebarometeret og andre målingar,



13. mars 2009 kom beskjeden om at bygging av Rogfast var vedtatt.

fortel han, og minner om at Bokn i 2011 blei kåra til den fjerde beste økonomisk drevne kommunen i Noreg.

- Det var veldig gledelig. Bokn kommune driv godt, sunt og fornuftig, også takka vera dyktige og flinke lojale medarbeidarar på Boknatun, , seier Kyrre, og legg til at han også fekk vera med på vedtaket om å bygga Rogfast. Den tidlegare ordførar har ikkje opna så mykje sjølv, men har fått vore med å starta opp mykje.

Fleir brukshallen er ikkje uventa på topp, når han må velja blandt blant store hendingar.

- Det var svært viktig for meg og Bokn Ap og mange fleire. Tida var overmoden for at Bokn også skulle legga til rette for eit slikt tilbod for å styrka idretten og kulturlivet i kommunen. Kyrre har jobba med hallen i omtrent heile sin ordførarperiode., og han er overbevist om at det skal bli veldig bra for boknarane.

Avviklingar

Negative hendingar han hugsar og som han synest er sårt og veldig synd er avviklinga av ambulanse drifta, SR Bank-Bokn og Bokn tannklinik. I sistnemnde sak håpar han at siste ord ikkje er sagt enno og at den nye politiske leiinga følger opp og ikkje gir slepp på saka.

- Kvart einaste fort som står for fall er eit tap for bygda, konstaterer han, og uttrykker stor irritasjon over tannlegesaka.

- Måten som Fylkeskommunen har gått fram på, og det styret som unnlot å ta med kommunen som berørt part - at dei lot vera å la oss bli høyrt, synest han var grovt.
- Eg kan ikkje tenka meg at det er slik Fylkeskommunen meinar det skal vera i eit demokrati. Eg håpar at det er ei sak dei ikkje slepp unna med.



Kyrre Lindanger - ein stor Bokn-patriot.

Dei har opptrødd uprofesjonelt og uryddig, tordnar han.

Tøff periode

Første tida etter konstitueringa i 2011 synest han det var ein tøff periode då dei fekk to lovlegheitskontrollar på rappen; sal av tidlegare Bokn fiskemottak og den såkalla bo-nussaka med rådmannen. Då meiner han opposisjonen ikkje var greie. Fylkesmannen gav ikkje medhald i nokon av klagene. Kyrre skulle gjerne vore forutan, og hadde håpa at ein kunne løyst det på andre måtar og brukt vårt eige kontrollutval. At ein skulle springa til avisene synest han var veldig dumt fordi det gjer noko med omdømmet til Bokn kommune.

- Men dette har me lagt bak oss, og det er ikkje noko eg dveler med, men det var tøft der og då, seier han.

Spent

Han er spent på fleire saker, men spesielt ei er uhyre viktig for Bokn; saka som Finansdepartementet har hatt ute til høyring denne hausten, der dei foreslår ein annan modell for eigedomsskatt på verk og bruk. Bokn får ca. 10 mill. kr. frå Kårstø

kvart år, og viss dette går i gjennom vil Bokn og Tysvær gå glipp av utruleg store summar, og det er så dramatisk for Bokn at det nesten er eit vera eller ikkje vera, meiner han. Difor er det svært viktig at det ikkje går i gjennom slik forslaget er. Alle berørte kommunar har gitt høyingsuttalelsar innan fristen.

Rogfast er også ei spennande sak. Korleis det blir for Bokn, med m.a. å få ein svær veg gjennom kommunen? Kyrre synest ikkje det er urimelig at storsamfunnet kompenserer boknasamfunnet litt. Bokn kommune har fått ein avtale med Statens vegvesen som går på brann og beredskap, utbygging av vassverk m.m.

- Eg er spent på kva Bokn kommune blir sittande igjen med gjennom den avtalen. Kva vil storsamfunnet la oss få lov å gjera når det gjeld bruk av steinmasse frå Rogfast, til framtidige næringsformål frå Knarholmen mot Arsvågen?

Han er spent på endelig traseaval av ny firefeltsveg, E39 frå tunellinnsletget på Laupland, vidare til Aksdal og Os. Her er planarbeidet starta opp.— Blir det ny bru eller tunell under Boknasundet, spør han seg. I tilfelle

er det eit avbøtande tiltak til dagens trase gjennom byggefelt, med 4.500 køyretøy i døgnet.

Kommunereforma

Då samtalene kjem inn på dette, minner Kyrre om resultatet frå kommunale- og fylkestingsvalet i haust, som han meiner er eit svar frå veljarane på spørsmåla om denne reforma.

- Lufta er gått ut av ballongen. Nå har me fått inn mange ordførarar rundt om i landet som er skeptiske til kommunereform. Tre kommunar av 128 har slått seg saman, så eg kan ikkje skjøna anna enn at dette er ei falitterklæring frå kommunalministren, fortel han, og held entusiastisk fram:

- Eg er sikker på at viss Bokn vil bestå som eigen kommune så er det det som kjem til å skje. Eit storting kjem ikkje til fatta eit vedtak om tvang, rett før stortingsvalet om to år. Difor er 40-åringen sikker på at Bokn er eigen kommune også om fire år.
- Då tar Bokn Ap siktet på å ta ordføraren igjen, seier han med påfølgande latter.

Og då blir det comeback?

- Det er litt tidleg å seia. Eg skal ikkje utelata det, seier Bokn-patrioten lurt.

Bokn og framtida?

- Eg trur at tida jobbar for Bokn - at realisering av Rogfast med E39 firefeltsveg gjer Bokn endå meir sentralt og attraktivt og at folketallet kryp oppover. Når me når 1000-1200 innbyggjarar trur eg at ein har eit befolkningsgrunnlag som vil kunna opna dørene for nye tilbod i kommunen, på den eine og andre måten. Me får eit endå betre grunnlag, me blir ein meir robust kommune og me er då klare til å møta framtida med utbygging av Fyrvegen bustadfelt, barnehagen, fleirbrukshall, oppgradering av skulen m.m.



27.10.15: Det siste ordførarbildet, i sørrenden av fleirbrukshallen, som han trur og håpar han vil bli best hugsa for.

Fleirbrukshallen - igjen

Kyrre Lindanger vil bli hugsa som den ordføraren som, saman med andre gode krefter, klarte å realisera bygging av fleirbrukshall. Det er i alle fall det han trur og håpar. Han har lagt mykje av seg sjølv igjen i det prosjektet, så det er ein viktig del av det politiske arbeidet han gjorde i løpet av dei åtte åra.

Han håpar også folk vil hugsa ein ordførar som var til stades, tilgjengelig, lyttande og imøtekommende. Og ein ordførar som representerte Bokn på ein hensiktsmessig og god måte.

1. februar neste år blir han politi igjen. Då byrjar han i eit økoteam (lokal versjon av Økokrim) på Haugesund politistasjon - ei gruppe som jobbar opp mot organisert kriminalitet, svart økonomi, korruption, underslag m.m. på Haugalandet.

Takk for innsatsen og lukke til vidare!

Draumefangarar



Tidleg i november hadde 5. og 6. klasse ei utstilling på biblioteket, som hadde fått namnet Draumefangarar. Produkta var laga i faget Kunst og handverk.

Ein draumefanger skal ta bort vonde draumar (mareritt) og det er også difor at den heiter draumefanger. Draumefangeren er henta fra indianerkulturen

Bokn Bygdablad for 25 år sidan

FRÅ NR. 9 1990

BOKN ER SAMLA TIL EITT RIKE

I desse dagar skal koplinga i midtspennet på Boknasundet bru skje. Det vil seia at også Vestre Bokn er landfast. Det vil likevel gå ei tid før brua kan åpnast for ferdsle. Det skal m.a. setjast opp rekksverk og lagast gang og sykkelveg ved sida av kjørebanane. I tillegg skal det fyllast opp veg fram til bruа på vestsida, og det skal asfalterast på begge sider av bruа.

Vegvesenet seier i siste kvartalsrapporten sin at ein meiner bruа med sidevegar er kjørbar midt i januar.

Når det elles gjeld vegen fram til ferjeleiet på Are, er han ferdig planert og delvis grusa fram til Lauplandsvågen. Sør for Lauplandsvågen er vegen ferdig utsprengd det meste av strekninga. Bru over Lauplandsvågen er under bygging.

Ved Arsvågen ferjeleie er sprenging og masseflytting for oppstillingsplass og tilstøytande vegar godt i gang.

Pr. 1. september 1990 er det brukт 190,97 mill. kroner på heile anlegget.

Vegvesenet tar sikte på åpning av heile anlegget innkludert

ferjeleie i slutten av juni 1991. Kaihuset skal ha byggestart i januar 1991, og skal vera ferdig 31. mai 1991. Asfaltering frå Industrivegen til Lauplandsvågen vil foregå midt i januar. Lauplandsvågen bru skal vera ferdig til jul. Boknasundet bru er berekna ferdig ved årsskiftet 90/91.

Totalt sett er det nå 65 personar involvert i prosjektet utanom konsulentar og vegkontor. Utanom Vegvesenet sine folk med innleigde maskinar er det firmaene Aker Entreprenør (Boknasundet bru) som har 20 mann i arbeid, W. Engelsen (ferjeleie) har 11 mann. Vidare har Haaland & Thuestad (Lauplandsvågen bru) 8 mann på byggeplassen.

Mistet sykkel

GPS Garmin Edge 810 med grønt gummideksel, mistet på Håklepp 7. nov. - i nærheten av toppen, antakelig sør/vest for merket på toppen.



Om noen skulle finne denne vil jeg sette stor pris på om dere kontakter meg på mail: wenbaar@hotmail.com eller tlf. 40723303
Wenche Baardsen

Omsetning av eigedomar i Bokn

Kjelde: Statens kartverk

Gnr 10, bnr 73 er overdradd fra Åse Helen Alvestad til Gina Alvestad (02.10.2015)

Gnr 3, bnr 54 er overdradd fra Arne Øvrebø til Anne Tove Øvrebø (07.10.2015)

Øyren 12 (Gnr 4, bnr 21, seksjon 2) er solgt for kr 2.100.000 fra Alexander Mjølhus til Stian Kallevik (08.10.2015)

Dalhavnen Hytteområde 3 (Gnr 19, bnr 80) er solgt for kr 1.300.000 fra Steinar Eyvin Hvding Olsen til Kjell Arild Andersen og Jorun Halvorsen (07.10.2015)

Lyngvegen 16 (Gnr 9, bnr 114) er solgt for kr 3.500.000 fra Trond Vatnaland til Kjetil Vatnaland (20.10.2015)

Boknatunvegen 54 B (Gnr 9, bnr 152, seksjon 2) er solgt for kr 2.200.000 fra Hanne Marte Vatnaland til May Jorunn Vatnaland og Trond Vatnaland (21.10.2015)

Andel av Kyrkjebakken 25 (Gnr 10, bnr 54) er overdradd for kr 1.500.000 fra Geir Skjøng til Marit Alvestad (26.10.2015)

NM-sølv i sitt første meisterskap

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Fredrik Faye

Jonas Løvereide Faye deltok i Taekwon-Do NM i Stavanger 6.-8. november. Der fekk han sølvmedalje i sparring.

Han fekk også femteplass i det som heiter mønster, noko han også er svært fornøgd med.

- Ja, mønster var minst like utfordrande som sparring, seier 16-åringen, som også er fornøgd med sjølve opplevinga i sitt første meisterskap, og å møta andre venner frå rundt omkring i Noreg.

Svart belte

Det er nok ikkje tilfeldig at Jonas fekk ein skikkeleg god start i meisterskaps-samanheng. Han har halde på med sporten i sju år og skal snart opp til svart belte, som han fortel er ein svært stor milepæl.

- Eg har forberedt meg på det lenge, og då er det utrolig mykje eg skal gjennom på ein gong, seier han.

Jonas trenar to gonger i veka. I tillegg er han instruktør for ei barnegruppe ein gong i veka.

Kondis

- Treningsa er veldig variert, med tekniske treningar, styrke, kondisjon og av og til koordinasjon. Alt dette er veldig viktig innan sporten, seier ein målretta boknar - og fortel at han framover skal jobba med kondis, sidan det er utruleg tungt å halda på med sporten.

- Viss du gir alt i berre fire minuttar får du blodsmak i munnen, skyt han inn.

Taekwon-Do er ein koreansk kampsport som liknar litt på karate, men med meir fokus på spark. Det handlar om sjølvforsvar, styrke, kondisjon, balanse og disiplin med litt teori.



Jonas på sigerspallen, på sølvplass.

- Taekwon-Do er ein sport for alle, kjem det frå ein som ikkje har planar om å bli profesjonell. Han gjer det fordi han synest det er utruleg kjekt, og veldig god trening.

- I tillegg er det mykje disiplin og etikk i sporten som ein får bruk for seinare i livet. Eg vil fortsetta så lenge det er gøy og eg har tid til det.

Jonas er ikkje den einaste frå Bokn som reiser til Taekwon-Do-treningar. Broren Vetle er med i tillegg til fire andre frå Bokn skule, der det også er ein elev til som har tenkt å starta med

sporten. Kanskje blir det endå fleire nå når ein kjent inspirasjonsfigur har markert seg i landstoppen.

Bygdabladet gratulerer med ein framifrå prestasjon!



Jonas (sparkar) i aksjon i finalekampen. (videofoto)

Kampen er nett-opp ferdig og sølvet er sikra.

Litt om friluftsveka i barnehagen

Silje Gismarvik

Siste veka i oktober var det igjen tid for haustfriluftsveka.

Denne veka var me ute på tur kvar dag, der me leikte og hadde ulike aktivitetar. Me hadde i år to dagar med busstur. Me delte barna inn etter alder desse dagane. Bussturen gjekk den eine dagen til speidarskogen (førskolebarna), og den andre dagen var me på toppen av Vardafjellet (med 3 og 4 åringane) På veg opp til Vardafjellet hadde me oss nokre pausar langs vegen, men me vart verkeleg imponerte over ungane som kom seg heilt til topps. Me var også ute å gjekk ein liten tur då me var i speidarskogen, sjølv om det helst blei mykje klatring i trea.

Då me var ute å gjekk tur i blanda aldersgrupper var det veldig fint å sjå korleis dei store tok omsyn til dei som var mindre. Det å kunna gi kvarandre ei hjelpende hand var dei verkeleg flinke med. Turane gjekk på Lamparhaugen, turstien og i haugen ovanfor sjukestova.



Sov søtt, herr Spiss

Aktivitetsstund med illustratør

Inger Lise Belsvik

Linda Ognøy

2. nov var illustratør Inger Lise Belsvik på besøk på Bokn. Ho møtte førskulebarna og småskulen i auditoriet

Inger Lise har illustrert boka «Sov søtt, herr Spiss», som alle ungane har fått utdelt tidlegare i haust. Ho fortalte om korleis boka vart til og viste illustrasjonane på powerpoint, deretter teikna ho litt for dei. Til slutt fekk alle borna ein sprellemann-spissmus som Inger Lise hadde teikna.



Bokn skulekorps i Stavanger Open

Ingunn Grønnestad

En dag i september tikket meldingen inn fra korpsdirigenten. Vi skulle få bli med i en konkurrans sammen med Avaldsnes skolekorps. Bokn og Avaldsnes satt med «et halvt korps» hver og det skulle vise seg at disse to halvdelene gikk veldig bra sammen.

set messingen og blåste litt ekstra i instrumentet fra nå av.

Seminarhelg

6. - 8. november var avsatt til seminarhelg, Avaldsnes inviterte oss til Torvastad kultursenter. Her spilte og koste korpsmedlemmene seg sammen

konkurransen ble gjennomført med et korpsinteressert publikum i auditoriet på Bokn. Applausen etter gjennomføringen fortalte at nå kunne fjorden krysses med godt mot og korpset var klar for Stavanger Open.

En god vestavindskuling hadde ligget



Bokn og Avaldsnes presenterte sitt program med katter som gjennomgående tema.

Fotos: Petra Ognøy

Ingen av de nåværende medlemmene fra Bokn hadde vært med på konkurrans før så jeg tror det var mange spente musikanter som pus-

men hele helgen. Musikantene fikk mange fine anledninger til å bli godt kjent med hverandre. To overnattinger, mange måltider og ikke minst mange spilletimer i lag. Dette gjorde sitt til at det musikalske nivået ble høyet med mange hakk og ikke minst ble de trygge på hverandre slik at samspillet fungerte fint. Vi setter stor pris på at Karmøy kommune kunne tilby øvingslokaler med overnatningsmuligheter.

Inspirasjon og spilleglede

I den påfølgende uken sto korpsmusikken sentralt, Avaldsnes kom til Bokn og øvde, og Bokn dro til Avaldsnes. Inspirasjon og spilleglede var tydelig til stede. Generalprøven til

på lur lenge, men den klarte heldigvis ikke å stoppe turen over fjorden. 14. november kl 08:30 dro begge korpsene samlet av sted i buss fra Arsvågen, neste stopp var Stavanger Forum. Her ble vi møtt av en fantastisk stemning, det var et yrende liv med ut



Fra seminarret.

Foto: Ingunn Grønnestad

Stavanger Open er en underholdningskonkurranse for skolekorps som avvikles i Stavanger hvert år. Korpsene blir bedømt både musikalsk og etter sceneopptreden. I år var det 30 korps som deltok og rundt 1000 deltakere, både brass og janitsjar var representert over fire divisjoner.


kledde musikantene og spente tilskuerne. Musikantene var utkledd etter temavalg som Flåklypa, Knutsen og Ludvigsen og Star Wars.

Katter

Bokn og Avaldsnes presenterte sitt program med katter som gjennomgående tema og alle musikantene hadde selvlagde kattekostymer på. Det var en flott opplevelse og sitte i salen når «kattene» kom smygende inn på scenen til bass og euphonium sine toner fra Pink Panter. I konkurransen ble de vurdert i både innmarsj og utmarsj og dette så ut til å bli en god start.

«Pink Panther» ble så fremført av hele korpsset med Pink Panther solister fra Avaldsnes som også gjennomførte et flott scenshow. Den neste sangen vi fikk høre var Vamp sin «Liten Fugl» Etterpå fulgte «The Lion Sleeps tonight» og «Return of the cat». Alt flott gjennomført med god klang og stor spilleglede og jeg var stolt av å være fra Bokn når vi klappet de av scenen etter opprinnnet.

Etter konkurransen var det litt tid til overs så da hadde korpsset lagt opp til både tur i ishallen og pizzaspising. Det ble også litt tid til å høre på noen av de korpsene som spilte i høyere divisjoner.



3. plass

Festkonserten i Stavanger forum begynte kl 19:00. Stavanger Brass og Auglend Skolekorps spilte og snart var det klart for premieutdeling. Fire dommere satt i salen under konkurransen, to dømte det musikalske og to dømte sceneopptreden. Bokn og Avaldsnes fikk komme ned og hente pokal for en flott 3. plass i fjerde divisjon.

Det var blitt langt på kveld og vestvinden rusket fremdeles i ferjene da korpsbussen satte kursen nordover igjen. Og om noen skulle tro at korps og dirigent tok seg fri på mandag

etter denne fantastiske innsatsen så tar de feil. Korpsset satt spinn klar i gymsalen mandag klokken seks, nå var det julemusikken som stod på notestativene. Det er vel ingen som tar pause når de har det så kjekt!

Bokn Skulekorps dirigeres av Lillian Grønnestad og de har nå 13 musikantene. I tillegg har de 14 aspiranter som dirigeres av Torhild Svendsen og Lillian Grønnestad. Neste mulighet til å høre korpset spille er på Luciafesten 13. desember, det planlegges da et stort fellesnummer med alle 27 på scenen samtidig. Det blir også korpsklang i kirken på julafarten, da fra et samlet skole- og voksenkorps.

Sport



Bokn SK – Rapport fra sykkerverden



Syklekross er avsluttet, og innesesongen skyter fart.

Husk å følg oss på facebook samt våre hjemmesider – www.boknsk.no for løpende oppdateringer og informasjon.

Norgescup i Sykrekross

Joakim debuterte i Norgescupen i sykrekross denne høsten.

Sykrekross er en mix av landeveissykling og terrengsykling, der det brukes racersykler med grove dekk, og sterke bremser. Det sykles i rundløyper på 2-3,5km i terregn blandet av gras, grus, asfalt, jord og sand. Det kjøres varierende antall runder som bestemmes av alder og klasse. Det er en meget underholdende sykkelgren både for ryttere og publikum.



Joakim i aksjon

Siden hovedtyngden av krossyklistene er fra Østlandet ble alle 6 runder ble i år kjørt på øst og Sørlandet. Første helg var det i Tønsberg og Skien. Her var det greie løyper med mye publikum og høy stemning. Lørdagen gikk sånn passe. mens det gikk noe bedre i Skien. I Arendal og Kristiansand ble begge dagene preget av tekniske problemer. Det var uansett god trening og god erfaring å ta med seg til resten av vintertreningen og til neste sesong av sykkelcross.

Sykkelskolen

Vi har i høst hatt en ny runde med sykkelskole. Vi har delt denne opp i 6 hoveddøkter, med forskjellige tema for hver økt.

Det har vært mye fokus på balanse, teknikk og selvølgelig, sikkerhet i



trafikken.

Vi håper alle har hatt det kjekt disse 6 lørdagene, og vi håper å se dere igjen.

Innesesongen er godt i gang

Vi har allerede hatt noen uker med treninger innendørs.

Vi vil ha spinningtimer på mandager, tirsdager og torsdager, samtidig er

det basistreninger på fredager og lørdager, disse foregår i gymsalen på Bokn Skule. (hvilke dager det blir den aktuelle uken annonseres på facebook og på hjemmesidene våre).

Treningsavgift for sesongen 2015/16

Medlem hele sesongen	500,-
Familiemedlemmer hele sesongen	750,-
Ikke-medlem hele sesongen	750,-
Pr time for medlem	25,-
Pr time for ikke-medlem	40,-

På grunn av, til tider, stor pågang på spinningtimene, bees alle om å booke timer på www.boknsk.no/booking



Kulturkalenderen - Nye arr./endringar

November

- 27. Petra fritidsklubb, Julemiddag
- 30. Gudsteneste kl. 15.00, bibel til fireåringar
- 20. Kino i Auditoriet
- 29. Julegrantenning, Boknatun kl. 17-18 - sjå s. 2**
- 29. Gudsteneste kl. 18.00, lysmesse

Desember

- 02. Artep kulturcaf , Kyrkjebrygd kl. 16.00 - 20.00
- 02. Sm barnssang kl. 17.00-18.00, sj  under
- 03. Juleforestilling i Allrommet, sj  til h gre.**
- 04. Kino i Auditoriet
- 06. Julekonsert kl. 18:00, Bokn skule
- 07. Bibellesing kl. 18.00 p  Bokn bedehus
- 09. Artep kulturcaf , Kyrkjebrygd kl. 16.00 - 20.00
- 11. Petra fritidsklubb, Nissedisko
- 13. Gudsteneste kl. 11.00
- 13. Luciafest kl. 18.00 - arr. Bokn musikkorps
- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

Juleforestilling torsdag 3. desember kl.10.00
p  allrommet, Boknatun

Den vesle bygda som glemte at det var jul


med Kristine Hesjadalen og Ole Fredrik Norbye

Ei koseleg og underhaldande forestilling med julesonger, skodespel og bilete p  storskjerm. Dette blir ei forestilling p  tvers av generasjonar.

Me inviterer pensjonistar, bebruarar p  sjukestova/omsorgsboligar, barnhageborn og andre som vil ha med seg ei fin f rjulsstund.

Forestillinga er basert p  Alf Pr ysens historie med same namn: "Den vesle bygda som glemte at det var jul".

Arr. Sjukestova og biblioteket i
samarbeid med
Folkeakademiet i Rogaland



**Forvaltningstyremøte 20.10.2015, sak 039/15****Reguleringsplan for strandområdet med turveg mellom Alvestadkroken og Føresvik, justert framlegg.****Forvaltningsstyret vedtok:**

Rådmannen sitt vedtak: Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til justert detaljregulering av turveg mellom Alvestad og Føresvik med kart dagsett 20.09.2015 og føresegner dagsett 20.09.2015, sendt på ei avgrensa høyring til fylkesmannen i Rogaland, Regionalplanavdelinga og Seksjon for kulturarv i Rogaland fylkeskommune og dei grunneigarane som vert direkte råka av endringane.

Frist for uttale vert sett til 4 veker.

20.10.2015 FORVALTNINGSSTYRE

Saka vart drøfta.

Senterpartiet sette fram forslag som fylgjer: Planen blir lagt ut på høyring etter at turvegen er teken ut av planen.

Etter dette blei senterpartiet sitt framlegg sett opp mot framlegg frå rådmannen.

FV-039/15 VEDTAK:

Framlegg frå rådmannen fekk to røyster frå AP og fall.

Senterpartiet sitt framlegg fekk 4 røyster og vart vedteke.

Forvaltningstyremøte 20.10.2015, sak 040/15**Gnr. 7 bnr. 32 - Ruben Våga - tomannsbustad - dispensasjon - klage på vedtak.**

Forvaltningsstyret vedtok mot 1. røyst frå Ap: Forvaltningsstyret finn ikkje at klage dagsett 10.09.2015 frå Statens vegvesen inneheld nye opplysningar eller argument som ikkje var kjent då det vart gjort vedtak i sak 033/15.

Forvaltningsstyret held derfor fast på vedtaket i sak 033/15, og saka vert sendt til fylkesmannen i Rogaland for endeleg avgjerd.

Forvaltningstyremøte 20.10.2015, sak 041/15**Gnr. 11 bnr. 59 - Edel Alvestad og Arnfinn Anfindsen - naust med brygge - dispensasjon frå plankrav.****Forvaltningsstyret vedtok:****Forslag frå rådmannen:**

Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne dispensere frå kravet

om reguleringsplan, då dispensasjon etter forvaltningsstyret sitt syn, vil setje dei omsyn som ligg bak plankravet vesentleg til sides, og då føremona ved å gje dispensasjon ikkje vert vurdert å vera klårt større enn ulempene ,etter ei samla vurdering.

Det vert vist til § 19-2 i plan- og bygningslova.

Saka vart drøfta.

Senterpartiet sette fram forslag som fylgjer:

1. I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova, dispenserer forvaltningsstyret frå kravet om reguleringsplan i kommuneplanen sin arealdel for bygging av naust og brygge slik det er søkt om. Slik det no ser ut, vil det truleg ta lang tid før reguleringsplanen, som kommunen har under arbeid, blir godkjent. Tiltaket som ligg i ein ikkje omstridt del av planen, vil gjera området vakkra. Etter forvaltningsstyret si vurdering, vil bygging på tomta nå, ikkje vanskeliggjera det vidare reguleringsarbeidet. Av den grunn vil tiltaket ikkje i vesentleg grad setja til side omsynet som ligg bak plankravet. Forvaltningsstyret vurderer difor føremona med å gje dispensasjon som klårt større en ulempa, etter ei samla vurdering.

2. Dersom det ikkje kjem klage på dispensasjonsvedtaket innan klagefristen, kan byggeløyve gjevast administrativt på delegert fullmakt.

FV-041/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg fall.

Framlegg frå SP vart vedteke mot to røyster, ei frå AP og ei frå KRF.

Formannskapsmøte 02.11.2015, sak 054/15**Oppnemning av kandidatar til Kamrsund havneråd – styre 2015 – 2019.**

Formannskapet vedtok samrøystes: Med heimel i kommunelovens § 13 gjer Bokn formannskap vedtek om å oppnemne Lars Sigmund Alvestad som kandidat i Karmsund Havneråd.

Som medlem av styret blei Tormod Våga oppnemndt.

Kommunestyremøte 27.10.2015, sak 043 /15**Val av ordførar.**

Kommunestyret vedtok: Tormod Våga vart samrøysta valgt til ordførar.

Kommunestyremøte 27.10.2015, sak 044 /15

Val av varaordførar i Bokn kommune for perioden 2015 - 2019.

Kommunestyret vedtok: Lars Sigmund Alvestad vart samrøysta valgt til varaordførar.

Kommunestyremøte 27.10.2015, sak 045/15

Val av formannskap i Bokn kommune for perioden 2015 - 2019.

Kommunestyret vedtok:

Medlem: **Varamedlem:**

Namn:	Parti:	Namn:	Parti:
Tormod Våga	SP	Osmund Våga	SP
Erik Nedrebø	SP	Emilie Moi Eikje	SP
Anita Kro	SP	Roar Medhaug	SP
		Daghild Alvestad	SP
		Kjetil Vatnaland	SP
Sigmund Alvestad	KRF		
Lars Sigmund Alvestad	H	Per Helge Sunde	H
Lene Foss	H	Eiliv Staalesen	H
Kari Christensen	AP	Anne Løvereide Faye	AP
		Jørgen Thuestad	AP

Kommunestyremøte 27.10.2015, sak 046/15

Val av forvaltingstyre i Bokn kommune for periroden 2015 - 2019.

Kommunestyret vedtok:

Medlem: **Varamedlem:**

Namn:	Parti:	Namn:	Parti:
Emilie Moi Eikje	SP	Osmund Våga	SP
Roar Medhaug	SP	Sandra Jøsang	SP
Daghild Alvestad	SP	Geir Aksdal	SP
Kjetil Vatnaland	SP	Anita Kro	SP
		Eirik Nedrebø	SP
Per Helge Sunde	H	Ann J. S. Olaussen	H
June S. Grønnestad	H	Edgar Våge	H
		Margaretha Dirdal	H
		Kurt Jøsang	H
Jørgen Thuestad	AP	Lillian Grønnestad	AP
		Odd K. Tollaksen	AP
		Rannveig F. Øvrebø	AP

Kommunestyremøte 27.10.2015, sak 047 /15

Val av leiar i forvaltingstyre for perioden 2015 - 2019.

Kommunestyret vedtok:

Leiar: Emilie Moi Eikje, samrøysta vedtatt

Kommunestyremøte 27.10.2015, sak 048 /15

Val av nestleiar i forvaltingstyre for perioden 2015 - 2019.

Kommunestyret vedtok:

Nestleiar: Jørgen Thuestad, samrøysta vedtatt

Kommunestyremøte 27.10.2015, sak 049 /15

Val av kontrollutval i Bokn kommune for perioden 2015 - 2019.

Kommunestyret vedtok:

Medlem: **Varamedlem:**

Namn:	Parti:	Namn:	Parti:
Lars Øyvind Alvestad	AP	Suzanna Ufnal	AP
May Jorun Vatnaland	SP	Johannes Nilssen	SP
Jørn Hansen	H	Tom Inge Aksdal	H

Kommunestyremøte 27.10.2015, sak 050 /15

Val av leiar i kontrollutvalet for perioden 2015 - 2019.

Kommunestyret vedtok:

Leiar: Lars Øyvind Alvestad, samrøysta vedtatt

Kommunestyremøte 27.10.2015, sak 051 /15

Val av nestleiar i kontrollutvalet for perioden 2015 - 2019.

Kommunestyret vedtok:

Nestleiar; Jørn Hansen, samrøysta vedtatt

Kommunestyremøte 27.10.2015, sak 052 /15

Val av forhandlingsutval i Bokn kommune for perioden 2015 - 2019.

Kommunestyret vedtok:

Forslag frå Tormod Våga; Ordførar samt gruppeleiarane for partia.

KS vedtak;

Forhandlingsutvalget vart samråysta vedtatt.

Kommunestyremøte 27.10.2015, sak 053 /15

KS - valg av delegat og varadelegat til KS sitt fylkesstyre.

Kommunestyret vedtok:

Val av representant til KS:

Forslag frå Lars Sigmund Alvestad; Ordføraren vert valgt til representant til KS

Forslag frå Tormod Våga; vararepresentantar til KS, 1) Lars Sigmund Alvestad og 2) Kari Christensen

KS vedtak;

Forslaget vart samråysta vedtatt.

Førjulskonsert med Aksang og Boknakoret

Tekst: Håvard Førland - foto: Jardar Havikbotn

Jul-e-konsert

Sølvguttene syng jula inn.

«Jeg synger julekvad, og er så glad så glad, min hjertens Jesus hviler...»

Det er vel og bra, men Aksang og Boknakoret har ikkje tid til å kvile, dei skal ha to førjulskonsertar med orkester og skodespelarar frå Tysvær kulturskule. Ei salig blanding av fjøsnissar, blånnissar, hekser og ein ekte politimann som ordnar opp i forviklingane! Det heile blir ramma inn av høgstemt song og tradisjonsrik førjulsstemning i to familieføresteljingar:

Tysværtunet den 29.11 og på Bokn skule 06.12. Billettar kan kjøpast på Tysværtunet og på Coop Marked Bokn.

Kom, kom, kom...i adventsstemning, kim som helst og kor...

Hjarteleg velkommen!

*med førjulshelsing frå
Aksang og Boknakoret*

Inspirerande dirigentar:

Anne Tove Øvrebø og
Frode Lindanger

Frå ei øving i Auditoriet 3. nov.



Musikkglede!



*Solist
Ine Kleiveland*



Torunn Hognaland, fødd 15.06.43 døydde 25.10.15.

Ho var fødd og oppvaksen på garden Voll i Vigrestad. Foreldra var Randi og Arne Voll. Torunn var yngst av to søstre.

Då ho jobba på sjukehuset i Sandnes traff ho Jacob Hognaland, som ho gifta seg med.

Etter framhaldskulen jobba ho som hushjelp ei tid og seinare på sjukehuset i Sandnes. Etter at dei flytta til Bokn jobba ho på gården på Hognaland og i mange år som kokk på sjukestova.

Torunn likte å halde på med handarbeid som blant anna bunadssyning og



striking. Ho likte også hagearbeid og å følga sportsendingane på TV, spesielt hopp.

Ho likte å lesa bøker, og las mykje - spesielt etter at ho vart sjuk.

Ho var snill, rettferdig og hjelpsam og viste stor omsorg for familien. Barnebarna og oldebarn betydder mykje for henne.

Torunn etterlet seg fire barn, ni barnebarn og eitt oldebarn.



Serie

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Denne gongen tulla "Eg seie meg så"- redaksjonen litt, me førte nemleg opp rygder to gonger. Me seier oss leie for dette, og som plaster på såret skal dei som svara, få to poeng om dei svara på dette spørsmålet om det enn var likt to gonger. Elles blei ei kreksa bruk om ei sur og vanskeleg kone! Resultata var som vanleg imponerande: Full pott for dagsentergjengen og ni poeng for Andor!

Forklaringar:

- | | |
|-------------------|-----------------------------------|
| 1. ei helsespydla | å vera uforsiktig med helsa |
| 2. rygder | noko som er aldeles storveges |
| 3. blåskår | fisk |
| 4. rygder | blingsa litt her, det same som 2! |
| 5. tågnene | gjellene på fisk |
| 6. lapsen | halen på hummaren |
| 7. bagskoden | bak i robåten |
| 8. ei kreksa | ei sur, kranglevoren kone |
| 9. smålog | Småfe, sau |
| 10. å rua | å klyppa sau |

Månadens utfordringar, kva betyr

1. å hana seg
2. å bensla
3. ein jidl (ikkje steingardar)
4. å raksa
5. nibbeleg
6. irepådl
7. ein bendl
8. smalamur
9. auren
10. flåen

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad innan 10. desember.

Resultat:

Dagsentergjengen 10 poeng
Andor Borgenvik 9 poeng

Nett som me trur at det nå må vera slutt på gamle boknauttrykk, så dukkar det opp ei oppkomme av nye! Ein stor takk til Helge Laupland for alt han har fanga opp og formidla vidare til oss. Han ha vore med på å berga dei for ettertida! Elles lukke til vidare med utforskinga av boknamålet!



Ledig ungdomsbustad - forlenga frist

Det vert ledig ungdomsbustad på Øyrenfeltet, Austre Bokn.

Ungdom i alderen 18-35 år kan søkja om å leiga ungdomsbustad.

Kommunen vurderer innkomne søknader og tildeler bustad etter kriteriar hjå Husbanken.

Det blir kravd depositum lik to husleiger.

Med etterhald om endringar er leiga for tida kr. 2.830,- pr mnd. Utgifter til Altibox, kr. 877,- pr mnd. kjem i tillegg.

Søknaden skal sendast Bokn kommune og søknadsfrist er 15. desember.



Ledig omsorgsbustad

Bustaden, som er knytta til sjukestova, er ein to-roms leilighet på 60 m², med utsikt utover sjøen.

Pris kr. 6.349,- med straum (kr. 5.299,- utan straum). Det er nettopp lagt inn Altibox, mnd. utgifter for dette (Seniorpakke) er for tida kr. 658,- pr mnd.

Søknad kan sendast til

Bokn kommune v/helse, Boknatunvegen 41, 5561 Bokn.

Er det nokon som har spørsmål, kan ein ringa 52 75 25 30.

Søknadsfrist: 15.12.15.



Etterlysing av bådeigar

Lita skøyte med reg.nr. RAM-092 er taua inn til Knarholmen fiskerihamn og tatt i forvaring av Bokn kommune.

Me ber eigaren henta farkosten innan 4. des. Skøyta blir vurdert som søppel og vil etter dette tidspunktet bli destruert av kommunen.

Teknisk – 91 56 44 01



Kjekt på pepparkake-Bokn!



Så er tida inne for kjekt på pepparkake-Bokn-konkurransen igjen!

Vil du vera med, så blir du med! Alle som vil kan sjølvsgåt vera med!

Du kan delta som:

- Enkeltperson (sjølv om det er kjekkare med fleire)
 - Par (foreldrepær, kjærestepar, venner eller søsken)
 - Familiar
 - Grupper (skuleklassar, strikkeklubb, sykkelklubb etc)
- Dei fine tinga de lagar skal stillast ut i servicetroget

Lag det du vil:

Ditt hus, andres hus, fantasihus, bruer, Boknafjellet, båtar, gardar, skulen, kyrkja, fyrlykt, ferjå, naust, butikken, slottet, kommunehuset... bare fantasien set grenser!

Me utfordrar alle til å vera med og laga julestemning i servicetroget! Og det er premiar til vinnarane av alle fire gruppene, dersom det er deltakarar i alle. Bla med og la den gode pepparkakelukta breie seg ut over Bokn!

Kunstverka som de lagar kan leverast inn an **torsdag 10. desember**. Ein vinnar vil bli kåra ut i frå det vi meinar er mest kreativt og best baka!

Alle 4 vinnarane blir kåra 13. desember på luciafesten på Bokn skule.

Viss de vil ha bakverka dykkar må de komma og henta dei seinast 18. desember, ellers et me dei opp. Viss de ikkje hentar dei blir dei med på pepparkakehusknusedagen som er den 21. desember i år.

Så nå må alle pepparkakehusbakarar på Bokn finne fram bakebolla og baka! Håpar du vil baka!

**Helsing
Pepparkakevokterane i
servicetroget**



GRATULERER!



Julie Kro Birkeland - 4 år, 18. nov. og Elise Kro Birkeland - 9 år, 4. des.

Vil gratulere go'gentene mine med dagene:) Superglad i dokke!

Stor klem fra mamma:)



Gratulera til dette flotte brudeparet - **Hanne Marte Vatnaland og Vidar Nedrebø** som gifta seg i Gjesdal Kyrkje 25.juli 2015

Beste ønsker for framtidia fra familien på Bokn.



Eskil Bokneberg - 11 år, 15. nov.

Gratulera såå masse med dagen te denne kjekke gutten!

Klem mamz:)

Fyren bustadfelt på Bokn

Sjønære einebustadtomter for sal

Foto: Ida K. Vollum – vesfoto.no

Kontakt servicetorget, tlf. 52 75 25 00 eller post@bokn.kommune.no

KJEKT PÅ BOKN

KFL bil og utleie

Utleige av stillas	frå	500 kr. pr.v.
Utvendig lakkrens av bil	frå	2.500 kr.
Innvendig reingjering	frå	500 kr.
Skinnpleie	frå	500 kr.
Desinfisering av klimaanl.		500 kr.

Utleige av minigravar 2500 kg

Pris døgn	1.000 kr. + mva
Pris veve	5.000 kr. + mva
Pris pusseskuffe	150 kr. + mva
3.500 hengar, døgn	400 kr. + mva

Nytt!

Smøreoljer til alle formål.
T.d: 2 taktsolje, motorolje,
hydraulikkolje,
sagkjedeloje osb.

Kjell Frode 907 83 797
John Magne 909 24 964
@: kjellfrode75@hotmail.com



Bokn hjelper Ukraina

Du finn oss på hjørnet til Coop
Marked Bokn.

Oppningstider blir varslet med oppslag på døra og på Facebook-sida vår.

Helsing

Elisabet & Annette
469 59 513 - 913 28 258



BOKN BYGDAABLAD

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året.
Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 424,- pr. år, 607,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Annette Bokneberg/Gro Sørensen

Bygdabladnemnd

Elisabet Taraldlien
Kjetil Hamre
Hanne Marte Vatnaland

Foto, omslag:
Jardar Havikbotn



Gjeldande annonsepriser

Heilside	kr. 2.000,-	1/8 side	kr. 250,-
Halvside	kr. 1.000,-	Privattann.	kr. 100,-
Kvartside	kr. 500,-	Nettannonse	kr. 100,-



- Salg og leveranse av singel og veigrus
- Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel
- Opplasting og bortkjøring av løsmasser

Telefon: 94 98 63 64


Bokn & Tysvær

Kjell Frode Lie
907 83 797
John Magne Lie
909 24 964

begravelsesbyrå

Trovåg Elektro

Gammelt sikringskap?



KONTAKT OSS:
52 77 63 39
post@trovag.no

HÅRSMIA
BOKN
46442920
52748647
SVENNEBREV

Velkommen til Hårsmia!
Velkommen til en avslappende velværtetime i disse travle førjulstider. Følger med et gratis produkt til alle farge/perm behandlinger nå i julesesongen.
Åpent alle hverdager, lørdag etter behov.

Siste arbeidsdag før jul er mandag 21. des.
Ønsker alle en fin førjulstid.
Mvh. Mona

Frisørrommet på Boknatun
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag
kl. 09-16

99 32 55 34
52 74 85 34

GOLDIE
CLOSER

Nå er det JUL igjen

Fine tilbud i salongen:
Renati kun 129 kr!!
Kjøp sjampo/balsam og få et duftlys.
Ha ei fin adventstid!
Julehilsen frå
Frisørrommet på Boknatun

MÆLAND BYGG
NYBYGG & REHABILITERING

BOKN BYGG

VESTLANDS HUS

Byggmester-papirer med sentralgodkjent ansvarsrett.

Utfører:
Alt innen nybygg og rehabilitering. Totalentreprenør.
Tegneoppdrag, beregninger og byggesøknader.
Kontorer, trelast og varehandel på Bokn Bygg.
Leverangdør av VestlandsHus, hytter og garasjer.

Ta kontakt for en hyggelig og uforpliktende prat.
Jan Magne Mæland 90565245
Tor Henning Mæland 95221191
Mail: jmm@meland-bygg.no

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust har skiftet arbeidssted til Aksdal tannklinik i Aksdal senter, 2. etasje ved Jernia. Velkommen til gamle og nye pasienter!

Telefon 52 77 57 00

aksdal
TANNKLINIKK

TANNLEGE
Ingjerd H. Myklebust

TANNLEGE
Camilla K. Mæland

Tysdagskafé
- selekt, nupereller og andre pimperneller; kafeen for ein kvar smak!

Kvar tysdag kl. 09.30 - 13.30 på Bokn bibliotek
Gratis kaker og kaffi
Velkommen!

Opningstider, Bokn bibliotek

Måndag	16.00 - 19.00
Tysdag	09.30 - 13.30
Onsdag	16.00 - 19.00
Torsdag	09.30 - 13.30

BOKN LEGEKONTOR
Opningstid tysdag, onsdag og fredag 08 - 15.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.
Timebestilling også på nett / SMS – sjå bokn.kommune.no for meir info.
Ved livstruande tilstand, ring 113.
Dersom du er utanfor kommunen, men treng å komme i kontakt med Bokn legevakt (f.eks som pårørende), ringer du 52 74 85 22.
Jan Schille - lege

Legevakt
116117

A-Blad
Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

